



## Saksprotokoll

---

**Organ:** Hovudutval for plan og næring

**Møtedato:** 29.09.2015

---

**Sak nr.:** 15/8820-3

**Internt l.nr.** 42841/15

**Sak:** 49/15

**Tittel:** Regionale utviklingsmidlar 2015 - fordeling 3

**Behandling:**

**Frå fylkesdirektøren låg det føre slik tilråding til vedtak:**

**Fylkesdirektøren for næring rår hovudutvalet for plan og næring til å gjere slikt vedtak:**

- 1 Ungt Entreprenørskap og Høgskulen i Sogn og Fjordane får kr. 65 000 i tilskot til å vidareutvikle studiet i entreprenørskap innan ulike fagretningar.
- 2 Framtidsfylket AS vert støtta med kr. 200 000 til fylkesdekkjande karrieremesser i Bergen, Oslo og Trondheim i 2016.
- 3 Hovudutvalet godkjenner det endra opplegget for «Tredrivaren». Det vert teke atterhald om forhandling av avtaler mellom partane.
- 4 Leggbit AS vert støtta med kr. 100 000 til vidare arbeid med filmprosjektet «Hemnen». Tilskotet vert gitt med atterhald om at Hyllestad kommune yter sin del av finansieringa.
- 5 NIBIO vert støtta med inntil kr. 300 000 samla i forskingsmidlar til jordbruk og matindustri i perioden 2016-2020. Det vert teke atterhald om at dei andre vestlandsfylka også støttar søknaden.
- 6 Matarena AS vert støtta med inntil kr. 150 000, til prosjektet «Smak av kysten». Dette under følgjande føresetnadar:
  - At Hordaland fylkeskommune bidreg med omsøkt sum etter budsjettet.
  - At budsjettposten for direkte reisestøtte til bedrifter frå Sogn og Fjordane vert auka frå kr. 18 000 til kr. 50 000.
- 7 Flora kommune får eit tilskot på kr. 525 000 til vidareutvikling av den nettbaserte kartportalen *Bu i Sunnfjord* til ein nettportal for heile Sogn og Fjordane.
- 8 Fylkeskommunen løyver kr. 1 950 000 til utviklingsavtalen mellom Vestlandsforskning, Høgskulen i Sogn og Fjordane og fylkeskommunen for 2015-2017.
- 9 Avdelingane for plan- og samfunn og næring får tilleggsbevilling til prosjektet Marine Grunnkart pålydande kr. 39 650.
- 10 **1.** Tilskot til Ungt Entreprenørskap og Høgskulen i Sogn og Fjordane, Framtidsfylket AS, Flora kommune, Leggbit AS, Matarena AS og NIBIO vert dekkja med disponible midlar frå budsjett 2015/utviklingsfond næring.

**2.** Utviklingsavtalen vert finansiert over budsjett 2015, tenesteområde 7018 kunnskap.

**3.** Tilleggsøyving til prosjektet Marine Grunnkart vert finansiert med midlar frå Marint Verdiskapingsfond.

**Fylkesdirektøren for plan og samfunn rår hovudutvalet for plan og næring til å gjere slikt vedtak:**

11 Norsk Sjøfuglsenter får ei løyving på kr. 100 000 for å omstille drifta og finne fram til tenlege organisasjonsformer for aktivitetar som skal førast vidare.

12 Firda vidaregåande skule får løyving på kr. 200.000 totalt for åra 2015-2017 til å utvikle eit nytt fag i klima og miljø i den norske skulen.

13 **1.** Tilskot til Norsk Sjøfuglsenter vert dekkja med midlar frå tenesteområde 7152 Lokalt plan og utviklingsarbeid.

**2.** Tilskot til Firda vidaregåande skule vert dekkja med midlar frå tenesteområde 7163 Klima og miljø.

**Endringsframlegg:**

**Senterpartiet sette fram slikt framlegg til endring av punkt 4:**

4. Leggbit AS får avslag på sin søknad til vidare arbeid med filmprosjektet «Hemnen».

**Kristeleg Folkeparti sette fram slikt framlegg til endring av punkt 4:**

Løyvinga vert redusert til 50 000

**Kristeleg Folkeparti sette fram slikt tilleggsframlegg til punkt 8:**

Hovudutvalet ber om at det blir utarbeidd tilleggsavtale frå 2016 der ein har ei felles satsing mot Horisont 2020 og å hente internasjonale forskingsmidlar.

**Avrøysting:**

Hilmar Høl Ap, Arve Helle Ap, Karen Marie Hjelmeseter Sp, Aleksander Øren Heen Sp, Bjørn Hollevik H, Rita Navarsete Frp og Klaus Iversen V røysta for Senterpartiet sitt framlegg til nytt punkt 4.

Olav Klungre Krf røysta mot.

Framlegget frå Kristeleg Folkeparti til tilleggspunkt 8 vart samrøystes vedteke.

**Dette gir følgjande endeleg vedtak:**

1 Ungt Entreprenørskap og Høgskulen i Sogn og Fjordane får kr. 65 000 i tilskot til å vidareutvikle studiet i entreprenørskap innan ulike fagretningar.

2 Framtidsfylket AS vert støtta med kr. 200 000 til fylkesdekkjande karrieremesser i Bergen, Oslo og Trondheim i 2016.

3 Hovudutvalet godkjenner det endra opplegget for «Tredrivaren». Det vert teke atterhald om forhandling av avtaler mellom partane.

4 4. Leggbit AS får avslag på sin søknad til vidare arbeid med filmprosjektet «Hemnen».

5 NIBIO vert støtta med inntil kr. 300 000 samla i forskingsmidlar til jordbruk og matindustri i perioden 2016-2020. Det vert teke atterhald om at dei andre vestlandsfylka også støttar søknaden.

- 6 Matarena AS vert støtta med inntil kr. 150 000, til prosjektet «Smak av kysten». Dette under følgjande føresetnadar:
- At Hordaland fylkeskommune bidreg med omsøkt sum etter budsjettet.
  - At budsjettposten for direkte reisestøtte til bedrifter frå Sogn og Fjordane vert auka frå kr. 18 000 til kr. 50 000.
- 7 Flora kommune får eit tilskot på kr. 525 000 til vidareutvikling av den nettbaserte kartportalen *Bu i Sunnfjord* til ein nettportal for heile Sogn og Fjordane.
- 8 Fylkeskommunen løyver kr. 1 950 000 til utviklingsavtalen mellom Vestlandsforskning, Høgskulen i Sogn og Fjordane og fylkeskommunen for 2015-2017. Hovudutvalet ber om at det blir utarbeidd tilleggsavtale frå 2016 der ein har ei felles satsing mot Horisont 2020 med føremål å hente internasjonale forskingsmidlar.
- 9 Avdelingane for plan- og samfunn og næring får tilleggsbevilling til prosjektet Marine Grunnkart pålydande kr. 39 650.
- 10
1. Tilskot til Ungt Entreprenørskap og Høgskulen i Sogn og Fjordane, Framtidsfylket AS, Flora kommune, Leggbit AS, Matarena AS og NIBIO vert dekkja med disponible midlar frå budsjett 2015/utviklingsfond næring.
  2. Utviklingsavtalen vert finansiert over budsjett 2015, tenesteområde 7018 kunnskap.
  3. Tilleggsløyving til prosjektet Marine Grunnkart vert finansiert med midlar frå Marint Verdiskapingsfond.
- 11 Norsk Sjøfuglsenter får ei løyving på kr. 100 000 for å omstille drifta og finne fram til tenlege organisasjonsformer for aktivitetar som skal førast vidare.
- 12 Firda vidaregåande skule får løyving på kr. 200.000 totalt for åra 2015-2017 til å utvikle eit nytt fag i klima og miljø i den norske skulen.
- 13
1. Tilskot til Norsk Sjøfuglsenter vert dekkja med midlar frå tenesteområde 7152 Lokalt plan og utviklingsarbeid.
  2. Tilskot til Firda vidaregåande skule vert dekkja med midlar frå tenesteområde 7163 Klima og miljø.